

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Tilsvar til høyringsuttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen går imot utbygging av Aurdalselva pga omsynet til anadrome fiskeslag. Dette er etter utbyggerane si meinig eit standpunkt tufta på heilt feil grunnlag. Aurdalselva er ingen stad referert til som ei prioritert elv for å styrke dei anadrome fiskeslaga.

Tilhøvet til dei anadrome fiskeslaga er gjort vidt greie for i rapportane som inngår i konsesjonssøknaden. Sjølv om det i elva "kan" opphalde seg laks eller lakseyngel ca 2 km opp i elva (ca 600 m forbi tenkt plassering av kraftverket) til endeleg vandringshinder Dalefossen, så er det ikkje oppservert laks lengre opp enn ca 200 meter oppstrauts kraftverket.

Siste rapporten, frå 2013, peikar på at det også er ein del små, godt egna gyteplasser i elva. Disse er i all vesentleg grad lokalisert nedstrauts der kraftverket er tenkt plassert og det er dei nedre deler av elva som beskriven som til ein viss grad betydningsfull for laks og lakseyngel.

Sjøaure er ikke oppservert lengre opp enn til Storhølen i Aureelva - altså fleire kilometer nedanfor kraftverket. Det er difor direkte feil når fylkesmannen hevder at sjøaure er oppservert 2 km opp i elva.

Det er planlagt ei minstevassføring og ei forbislepp anordning i kraftverket så utbyggerane meiner at dei negative konsekvensane for anadrom fisk vil vere minimale.

Ei flytting av kraftverket til opp til Dalefossen (endeleg vandringshinder) vil redusere fallhøgda med om lag 35 m eller 25%. Det seier seg sjølv at dette vil få svært stor, negativ innverknad på prosjektet. Likeeins vil ei større minstevassføring naturleg nok få negative konsekvensar for prosjektet.

NVE sette fram krav om ei tilleggsundersøking i høve til anadrome fiskeslag. Denne undersøkinga var planlagt gjennomført sommeren 2014. Imidlertid viste det seg at i oktober 2013 hadde "Rådgivende Biologer AS" utført fiskebiologiske undersøkingar på dei lakseførande delane av Aureelvvassdraget som Aurdalselva er ein del av, etter oppdrag frå Aureelva Elveigarlag.

Aurdalselva Fallrettslag SA fikk tilgang og løyve til å bruke denne rapporten. På spørsmål retta til NVE vart det bekrefta at denne rapporten kunne nyttast ved å i tillegg fotodokumentere endeleg vandringshinder med avmerking på kart.

Utbyggerane meiner herved at dei akvatiske tilhøva i elva er godt belyst og i tråd med krav frå NVE.

For Aurdalselva Fallrettslag SA

Karl Skotte
Leiar